

## **Styremøte 2022/4 i Norsk folkemusikklag**

### **Møte på Teams mandag 21. mars kl. 19.00—21.00**

*Til stades: Bjørn Akسدal, Andrea Kasbo Rygh, Tom Willy Rustad, Borghild Hardang-Hanto og Sveinung Søyland Moen (referent).*

*Karin Eriksson melde forfall til møtet og Borghild fungerte difor som vara for ho.*

## **Saksliste**

### **Sak 24/22 Korte meldingar**

Andrea informerte om TUNE-prosjektet til Universitetet i Sørøst-Noreg, og styret vart samde om at me vil dela informasjon om dette på Facebooksida til laget.

### **Sak 25/22 Gjennomføringa av årsmøtet**

Styret diskuterte gjennomføringa av årsmøtet og vart samde om følgjande fordeling:

- Styret vil foreslå Bjørn som ordstyrar og Andrea som referent til årsmøtet.
- Revisormeldinga for rekneskapen 2021 er snart klar, og vil difor leggjast fram saman med rekneskapen i årsmøtet.
- Bjørn legg fram sakene om årsmeldinga, arbeidsprogrammet og medlemskontingenten. Sveinung legg fram rekneskapen og budsjettet. Andrea presenterer saka om avtalen med UFFD.
- Tid og stad for neste årsmøte: Bjørn vil informerer om at styret òg planlegg digitalt årsmøte i 2023, då det passar dårleg å kombinera med det planlagde seminaret det året.

Andrea vil senda ut ei påminning til medlemmane om årsmøtet med Teams-lenka, for å sikra at alle har denne lett tilgjengeleg.

### **Sak 26/22 Seminaret 2022 (Bjørn)**

Det planlagde instrumentseminaret i Valdres hausten 2022 må utsetjast pga. negativt svar på søknad om støtte. Styret og samarbeidspartnarane i Valdres, vart då samde om at det er betre å venta til våren 2023 og søka på nytt i mellomtida. Dette gjer at NFL må planlegga eit anna seminar for hausten 2022. Ettersom tida byrjar å verta knapp, bør arbeidet startast så snart som mogleg etter årsmøtet. Styret diskuterte nokre moglege tema, m.a.:

- «Deltakarkultur og forholdet mellom musikk og dansar»
- «Mangfald – kva er norsk folkemusikk anno 2022?»
- «Musikk i konflikter og protestsongar»

Styret vart elles samde om at seminaret bør ha eit budsjett på opp til kr. 100 000, trass i at det truleg vil føra til eit underskot i 2022. Dette då seminara er viktige for laget og at laget har gått med ikkje planlagde overskot dei siste

åra. Dette bør presenterast for årsmøtet når budsjettet vert lagt fram. Arbeidet med seminaret bør starta raskt etter årsmøtet, slik at styret kan rekka nokre søknadsfristar som kjem tett på sommaren.

Styret vart òg samde om at Ringve Musikkmuseum kan vera ein mogleg samarbeidspartnar og stad for seminaret, og at det bør haldast i november/oktober.

**Sak 27/22 Ny redaktør i Musikk og tradisjon**

Valkomiteen har ikkje klart å finna kandidat til ny redaktør for Musikk og tradisjon, og styret diskuterte difor moglege løysingar som kan luftast på årsmøtet.

**Sak 28/22 Eventuelt**

Det var ingen eventuelsaker.